

## TILSKOTTSSATSAR MV. VEDTEKE AV KOMMUNSTYRET I SAK K-60/08:

### Tilskottssatsar:

**Maksimalt tilskott for alle tiltak er avgrensa til 70 % av godkjend kostnadsoverslag.**

#### Jordbruk.

- Godkjente satsar for eigeninnsats:
  - Eige arbeid kr. 220,- pr. time
  - Bruka av eigen traktor inkl. reiskap kr. 250,- pr. time.
- Tilskott til bygningar inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag.

I særlege tilfelle, og dersom dei økonomiske rammene tillet det, kan tilskottssatsen aukast.

#### Skogbruk.

Det kan gjevast tilskot etter følgjande satsar:

- Nyplanting og suppleringsplanting:  
Maks tilskot er 70 % av godkjende kostnader. Minimum 2 daa samanhengande areal for nyplanting.
- Mekanisk arbeid/ungskogpleie:  
Opp til kr. 200/daa, maks 70 % av godkjende kostnader.
- Gjødsling – nyanlegg.  
Opp til kr. 220/daa, maks 30 % av godkjende kostnader.
- Gjødsling av eldre felt.  
Opp til kr 75/daa, maks 30 % av godkjende kostnader.
- Tynning:  
Minimum 2 daa areal. Minimum utak på 2 m<sup>3</sup> pr. daa. Tilskot kr. 150 pr m<sup>3</sup>, maks tilskot kr. 450/daa.

### **Utgangspunkt for utarbeiding av kostnadsoverlag for nokre tiltak:**

Normale kostnader/arbeidsforbruk som skal nyttast som utgangspunkt for utarbeiding av kostnadsoverslag for ulike typar tiltak:

**Rydding** av lyng og eine: 4 timar pr. daa, eller kr. 880,- pr. daa.

**Gjerdehald** : Kr. 58,- pr. meter ferdig oppsett. På tilfang kjem i tillegg MVA.  
Tilfang pr. 100 m: 67 staur, 1 rull netting, 1 pk. kjeng, 100 meter streng, i alt kr. 2.725,-.  
Arbeid pr. 100 m: 14 timar eller kr. 3.080,-.

**Steingard** som ligg delvis nede, skal byggast opp att til 1 – 1,5 m høgd:  
3,5 – 5 timar pr. løpemeter, eller kr. 770 – 1100 pr. meter.

**Tursti**: Rydding av tursti som er delvis attgrodd av einer, lyng og kratt: 25 løpemeter pr. time, eller kr. 7,50 – 15,- pr. meter.

**Løetak**: Nytt platetak viss ein gjer arbeidet sjølv: kr. 330 – 350 pr. m<sup>2</sup>

**Kledning** (løe/naust): Bordkledning/plater viss ein gjer arbeidet sjølv kr. 150 – 200 pr. m<sup>2</sup>.  
Arbeid med reisverk kjem i tillegg.